

Taxi 1 AS
Janaflaten 30
5179 GODVIK

Dato: 03.06.2014
Vår ref.: 2014/11903-14
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad frå Taxi 1 AS om ruteløyve for flybussruter i Bergen - melding om vedtak

Vi viser til dykkar 3 brev av 20.03.14 med søknad om ruteløyve for flybuss på strekningane Åsane terminal – Bergen lufthamn, Bergen sentrum – Bergen lufthamn og Haukeland universitetssjukehus – Bergen lufthamn.

Fylkesutvalet gjorde i møte 20.05.14 følgjande vedtak i saka:

- «1. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Åsane terminal – Stemmemyren – Fløyfjellstunnelen – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Haukeland universitetssjukehus – Nesttun - Bergen busstasjon, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
3. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Bergen sentrum – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
4. Det er eit vilkår for løyvet at ein nyttar bussar med turvognløyve i den regulære trafikken.
5. Løyva gjeld berre for transport av passasjerar til/frå Bergen lufthamn.
6. Det er eit vilkår at nykjøpt vognmateriell skal ha Euro VI-motor.»

Når det gjeld punkt 2 i vedtaket, er det i vedtaket, innstillinga og forslaget til innstillinga, ved ein inkurie skrive «Bergen busstasjon» i staden for «Bergen lufthamn» som den delen av søknaden galdt. I saksframlegget og på ruteløyvedokumenta er rett stadnamn nytta, Bergen lufthamn. Det inneber at inkurien ikkje har nokon praktisk følgje, ettersom løyva ikkje gjev opning for lokal persontransport. Eventuelle merknader til dette må sendast innan tre veker.

De kan klage på fylkesutvalet sitt vedtaket innan tre veker frå den dato de blei kjend med det.

Vedlagt følgjer fylkesrådmannen utdrag av saksdokumenta og ruteløyvedokument nr 1206 1203, 1206 1204 og 1206 1205. Dei tre sistnemnde skal oppbevarast på selskapet sitt hovudkontor. Kopi av ruteløyvedokumentet skal følgje alle vogner som vert nytta i rutedrifta saman med turvognløyvedokument og dokumentasjon på disposisjonsrett over vogna.

I samband med punkt 4 i vedtaket vil vi peike på at de i dag har 2 turvognløyve, noko vi ikkje kan sjå er tilstrekkeleg til å drifte det omsøkte ruteopplegget. Det inneber at de anten må ta ut fleire turvognløyve eller nytte underoperatør som har turvognløyve.

Vi legg til grunn at de gjer dykk kjend med pliktane dykkar overfor løyvestyresmakta, slik dei er føreskrivne i yrkestransportlova, yrkestransportforskrifta og diskriminerings- og tilgjengelighetslova og forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport.

Rolf Rosenlund
Leiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/11903-12
 Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet	50/14	13.05.2014
Fylkesutvalet	116/14	20.05.2014

Søknad frå Taxi 1 AS om ruteløyve for flybussruter i Bergen

Samandrag

Taxi 1 har søkt om ruteløyve for «flybuss» på strekningane Åsane terminal – Fløyfjellstunnelen – Bergen lufthamn, Bergen sentrum – Bergen lufthamn og Haukeland universitetssjukehus – Nesttun – Bergen lufthamn. Etter ei samla vurdering av dei ulike momenta rår fylkesrådmannen til at søknaden vert godkjend på ein del vilkår som er nærmare omtalt i saka.

Forslag til innstilling

- 1 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Åsane terminal – Stemmemyren – Fløyfjellstunnelen – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-7.
- 2 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Haukeland universitetssjukehus – Nesttun - Bergen busstasjon, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-7.
- 3 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Bergen sentrum – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-7.
- 4 Det er eit vilkår for løyvet at ein nyttar bussar med turvognløyve i den regulære trafikken.
- 5 Løyva gjeld berre for transport av passasjerar til/frå Bergen lufthamn.
- 6 Det er eit vilkår at nykjøpt vognmateriell skal ha Euro 5-motor eller motor med lågare utslepp.
- 7 På grunn av trafikksituasjonen og kapasiteten på haldeplassen vil Taxi 1 AS ikkje kunne nytte haldeplass G i Olav Kyrres gate.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, FRP, H fram forslag til ny innstilling der pkt 7 vert teke vekk og pkt 6 vert endra.

Vognmateriellet skal tilfredsstilla Euro VI-utsleppskrav.

Røysting

Alf Helge Greaker sitt forslag om å ta vekk pkt 7 i innstillinga vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forslag om å endra pkt 6 vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Innstilling

- 1 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Åsane terminal – Stemmemyren – Fløyfjellstunnelen – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
- 2 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Haukeland universitetssjukehus – Nesttun - Bergen busstasjon, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
- 3 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Bergen sentrum – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
- 4 Det er eit vilkår for løyvet at ein nyttar bussar med turvognløyve i den regulære trafikken.
- 5 Løyva gjeld berre for transport av passasjerar til/frå Bergen lufthamn.
- 6 Vognmateriellet skal tilfredsstilla Euro VI-utsleppskrav.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Alternativt punkt 6:

Det er eit vilkår at nykjøpt vognmateriell skal ha Euro VI-motor."

Røysting

Innstillinga fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga med Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Åsane terminal – Stemmemyren – Fløyfjellstunnelen – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Haukeland universitetssjukehus – Nesttun - Bergen busstasjon, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
3. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Bergen sentrum – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
4. Det er eit vilkår for løyvet at ein nyttar bussar med turvognløyve i den regulære trafikken.
5. Løyva gjeld berre for transport av passasjerar til/frå Bergen lufthamn.

6. Det er eit vilkår at nykjøpt vognmateriell skal ha Euro VI-motor.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.04.2014**Bakgrunn**

Taxi 1 AS har i 3 brev av 20.03.14 søkt om ruteløyve for «flybuss» på strekningane Åsane terminal – Fløyfjellstunnelen – Danmarks plass - Bergen lufthavn, Bergen sentrum – Bergen lufthavn og Haukeland universitetssjukehus (HUS) – Nesttun – Bergen lufthavn.

Saksopplysningar

Taxi 1 har i Brønnøysundregisteret registrert m.a følgjande:

«Vedtektsfestet formål: Drift av drosjesentral. Utøve taxivirksomhet, formidle turer, samt drive persontransport med egne og eksterne vogner og virksomhet som følger naturlig herunder.

Virksomhet/art/bransje: Drift av drosjesentral. Utøve taxivirksomhet, formidle turer, samt drive persontransport med egne og eksterne vogner og virksomhet som følger naturlig herunder.

Næringskode(r): 49.320 Drosjebiltransport.»

Den aktuelle søknaden gjeld rutetransport.

Planlagte rutetrasear er:

- Åsane terminal – Ytre Sandviken – Danmarks plass – direkte til Bergen lufthavn.
- Bergen lufthavn – direkte til Christies gate – Strandkaien – Nordnes – Haakonsgaten – Christies gate – Rådhusgaten – Olav Kyrres gate – Christies gate – Bergen busstasjon – direkte til Bergen lufthavn.
- Haukeland pasienthotell – HUS ved hovudinnngong syd – Hagerups vei – Storetveitvegen – Nesttun – Bergen lufthavn. Denne ruta er lagt opp til å ta med/setje av flypassasjerar langs heile traseen.

Inntil nyleg hadde Flybussbergen.no AS eit rutetilbod som var nesten identisk med det Taxi 1 ønskjer å drive. Det er no opna konkurrs i Flybussbergen.no AS, og dette rutetilbodet er no innstilt. Passasjerar mellom Åsane/Sandviken og flyplassen, og HUS/Nesttun må no såleis byte buss. Mellom Bergen sentrum og flyplassen køyrer Tide Buss med høg frekvens «flybuss» vekselvis via Fjøsanger og Fyllingsdalen.

I søknadene som gjeld ruter til/frå HUS og Bergen sentrum, heiter det likelydande m.a følgjande:

«Regjeringen har gjennom Nasjonal transportplan bestemt at veksten i biltransporten til og fra de største flyplassene skal dempes [...]

Avinor har uttalt mål om å øke kollektivandelen i tilbringertransporten fra 25 til 40 prosent innen 2020 [...]

TØI [(Transportøkonomisk institutt)] sin tilbringerundersøkelse fastslår at reisetiden er avgjørende for at kollektivtransport blir mer konkurransedyktig fremfor privatbil

Taxi 1 ønsker å bidra til å oppfylle ønske om et godt flybusstilbud og ønsker at flest mulig skal kunne reise kollektivt til og fra flyplassen og søker derfor Hordaland fylkeskommune om en ekspress rute fra [høvevis HUS og Bergen sentrum] til Bergen lufthavn Flesland. [...]

I dei nemnde breva, samt i søknaden som gjeld rute til/frå Åsane terminal, heiter det likelydande m.a følgjande:

«Taxi 1 er kjent med at Samferdselsdepartementet har en sak om eksklusivitetsrett til flybuss holdeplassene på Bergen lufthavn til vurdering [...].

Taxi 1 vil med bakgrunn i dette, samt [...] begrenset adgang til flybuss holdeplasser på Bergen lufthavn, igangsette tilbringerkonseptet med kostnadseffektive og plassbesparende småbusser.

Så lenge Avinor opprettholder sitt vedtak om ikke å tillate adgang til andre aktører enn Tide buss til den/de mest attraktive flybuss holdeplassene på Bergen lufthavn vil Taxi 1 basere driften i en oppstartsfase og inntil videre i hovedsak på «tilbringertjeneste» og ikke «frbringertjeneste».

Ved ankomst på Bergen lufthavn vil Taxi 1 benytte den holdeplassen Avinor har avsatt for andre flybusser enn Tide. For påstigning vil Taxi 1 benytte de plasser Avinor har avsatt for flybuss andre enn Tide. [...]

Taxi 1 vil kunne benytte et distingvert buss design og publikum vil med letthet kunne skille aktørene og tilbudene fra hverandre. [...] Taxi 1 legger ikke opp til at kjøretøyene som skal benyttes i fast rutekjøring benyttes som drosjer. [...] Bussene har tilstrekkelig bagasjeplass, samt at bussene kan frakte rullestol.»

I søknaden som gjeld rute til/frå Åsane terminal heiter det også m.a følgende:

«Ved å tillate virksam konkurranse på flybuss kan en bidra til at prisnivået gjennom et normalt konkurransepress ikke øker ukontrollert.

[...] det er etablert park-and- ride oppstillingsplasser på Åsane bussterminal, men kollektivtilbudet fra terminalen til Bergen lufthavn Flesland er begrenset til linjer med mange stopp underveis og lang reisetid. [...] Svært få, om noen av passasjerene vil benytte «lokalbuss» for å reise til flyplassen. Dette underbygges av TØI's undersøkelser.»

Den omsøkte «flybussruta» til/frå Bergen sentrum vil mandagar – fredagar utføre halvtimesruter i tida 05.00 – 24.00, og kvartersruter i rushtida. Laurdagar vil den utføre timesruter i tida 10.00 – 19.00, og søndagar halvtimesruter i tida 06.00 – 24.00. Ruta til Åsane er lagt opp til å ha 15 turar til Bergen lufthamn mandagar - fredagar, og 12 returar. Laurdagar vil den ha 8 turar kvar veg. Søndagar 4 turar og 5 returar. Den planlagte ruta til/frå HUS vil kvardagar utføre halvtimesruter i tida 05.35 – 24.00, laurdagar timesruter i tidsrommet 08.05 – 13.35 og søndagar halvtimesruter i tida 11.05 – 22.35.

Planlagt vaksen einskildbillettakst til/frå Åsane er kr 150, til/frå HUS kr 95, til/frå Bergen sentrum kr 90 og til/frå Lagunen kr 45. Barn skal få 50% rabatt, og honnør- studentreisande 20% rabatt. Det er lagt opp til tur-returrabatt på 22-42%.

Fylkesutvalet kan tildele løyve for rutedrift både på offentlege og private vegar. Fylkesutvalet har tildelt mellom anna parallelle ruteløyve til/frå flyplassen til både Tide Buss og Flybussbergen. I følge veglova regulerer den som eig ein veg kven som kan nytte den (med visse unntak). Bussar med ruteløyve er ikkje unnateke regelen. Bergen lufthamn ligg på Avinor AS sitt område. Avinor er statleg eigd, men Tide Buss er tildelt einerett til «flybusshaldeplassane» utanfor inngongen til flyplassen. Spørsmålet om einerett er til vurdering hjå Samferdselsdepartementet.

Det har ikkje kome fram opplysningar som tilseier at Skyss sitt inntektsgrunnlag vil bli svekka som følge av ei eventuell godkjenning av søknaden frå Taxi 1.

Fylkesrådmannen grunnngav seinast i saka om søknad om ruteløyve frå Flybussbergen.no ei generell positiv haldning til konkurranse i marknaden, og føremonen for dei fleste ved høg frekvens i rutenetta.

Dei trafikkale utfordringane for bussane i Bergen sentrum er framleis store. I Olav Kyrres gate og Christies gate er det i store deler av døgeret ikkje ledig gategrunn. Taxi 1 AS legg i sin søknad opp til 108 passeringar i Christies gate og 72 i Olav Kyrres gate. Ved Bergen lufthamn er det i samband med utbygginga der redusert kapasitet ved avgangs-/ankomsthallen. I perioden med konkurranse mellom Tide Buss og Flybussbergen.no på strekinga Bergen sentrum – Bergen lufthamn blei det dagleg køyrd mange bussar med få passasjerar. Det er korkje miljø- eller arealøkonomisk. Flybussbergen.no sin konkurs peikar i retning av at det er utfordrande å finne plass for konkurranse i den aktuelle marknaden.

Høyring

I brev av 14.04.14 frå Tide Buss AS heiter det m. a følgjande:

«Tide Buss AS [...] har i utgangspunktet ingen innsigelsar til løyvesøknaden [...], men ønsker for ordens skyld å peke på følgjande:

- *De trafikale utfordringene på holdeplassen i Olav Kyrres gate [...], har over tid vært betydelige. Vi ber derfor om at det ved eventuell løyvetildeling stilles tilgjengelig en annen holdeplass i Bergen sentrum for Taxi 1. [...]*
- *Det må etter Tide Buss' vurdering settes som vilkår ved en eventuell løyvetildeling at flybussen til Taxi 1 ikke har samme avgangstid, eller like før/like etter, som Tide Buss' flybuss fra Bergen busstasjon. Bare da vil kundene få en reell frekvensøkning [...].*
- *De to flybuss-selskapene må ha ulik profil slik at kundene enkelt kan skille de to flybusstjenestene fra hverandre.*

[...] Tide Buss ber om at Hordaland fylkeskommune ved en eventuell tildeling av løyve stiller som vilkår at Taxi 1 må tilby transport både til og fra flyplassen for å kvalifisere til et behovsprøvd løyve som dette løyvet er.»

I brev av 22.04.14 frå 07000 Bergen Taxi heiter det m.a følgjande:

«07000 Bergen Taxi er generelt sett opptatt av at Bergens befolkning skal tilbys et godt kollektivtransporttilbud [...].

Vi anser at søknadene [...] i realiteten er et ønske om å flytte allerede innvilgete ruteløyver til Flybussbergen.no Vi tør peke på det nære eierforholdet mellom Flybussbergen.no og Taxi 1, samt den erfaring Flybussbergen.no har hatt med drift av innvilgete ruteløyver.

Vi kan ikke se at det finnes markedsmessig (eller forretningsmessig) grunnlag for fast rutekjøring (flybuss) langs de traseer Taxi 1 har søkt konsesjon på.

Konkret til søknadene bemerkes:

- *[...] Økt bruk av buss, bane og taxi bør kunne oppnås gjennom parkeringsrestriksjoner ved Bergen lufthavn.*
- *Det hevdes at Taxi 1 har som mål å etablere en tilbringertjeneste kun til Bergen lufthavn, og ikke fra. Vi antar at det eventuelt er like mange personer som trenger transport fra Bergen lufthavn [...].*

[...]

- [...] det er i strid med regelverket å benytte kjøretøy (minibuss) registrert på et taxiløyve som kjøretøy for utførelse av ruteløyve.»

I brev av 23.04.14 frå Avinor AS heiter det m.a følgjande:

«[...] Vinteren 2013/2014 gjennomførte vi en konkurranse om holdeplasser for kollektivtrafikk som ble tildelt Tide buss til frem til 2016.

Med bakgrunn i omlegging av trafikk forplassen og den gjennomførte tildelingen av holdeplasser kan vi ikke garantere fast holdeplass for ytterligere kollektivtrafikk men tilby av/og påstigning på området ved hotellet på Flesland ved kapasitet. [...]»

Vurdering

Fylkesrådmannen finn at dei aktuelle rutene Taxi 1 ønskjer å drifte er udekte nisjar i marknaden. Spesielt gjeld dette flybuss frå/til Bergen nord og strekninga HUS – Nesttun – Bergen lufthamn. For sentrumsruta sin del er nisjen at ruta er planlagt å køyre direkte til/frå Bergen lufthamn. Slik fylkesrådmannen ser det, bør kommersielle aktørar i utgangspunktet vere velkomne til å dekkje nisjar i marknaden. Dette av omsyn til dei reisande sin valfridom og målet om auka kollektivtransportandel.

Søknader som kan fremje konkurransen i marknaden bør i utgangspunktet vurderast positivt. Det kan gje ei god utvikling av takstar og kvalitet. Samstundes bør ein sikre at det er eit marknadspotensiale for dei aktuelle operatørane.

Fylkesutvalet har tidlegare stilt krav til noverande løyvehavarar om at nykjøpt vognmateriell skal ha Euro 5-motor eller motor med lågare utslepp. Av omsyn til prinsippet om likskap i forvaltninga fin fylkesrådmannen at dette må vere eit vilkår også for Taxi 1

Taxi 1 har 67 drosjeløyve som det er driveplikt på. Fylkesrådmannen vil difor setje som vilkår for løyva at Taxi 1 tek ut tilstrekkeleg tal turvognløyve til å drifte den til eikvar tid gjeldande ruteplan.

Tidlegare erfaringar med sams haldeplass i Olav Kyrres gate for 2 flybussoperatørar har synt seg å ikkje fungere tilfredsstillande. Resultatet har vore konflikter og negative oppslag som har vore uheldig for omdøme for næringa. Fylkesrådmannen vil difor setje som vilkår for løyve at ein ikkje får nytte haldeplass G i Olav Kyrres gate.

Av søknadene går det fram at ein i oppstartsfasen og inntil vidare vil basere drifta på «tilbringarrute» og ikkje «fråbringarrute». Etter fylkesrådmannen si vurdering må det vere ein klar føresetnad for å få løyve at det vert gjeve eit fullgodt tilbod både til og frå flyplassen.

På bakgrunn av ovannemnde rår fylkesrådmannen til at Taxi 1 AS sin søknad om ruteløyve for «flybuss» til/frå Åsane terminal, Haukeland universitetssjukehus og Bergen sentrum vert godkjend på nemnde vilkår.